

«Dette gjer det verd å spela teater»



KOM KYRA: Juni Dahr som Inger i Markens Grøde lokkar publikum inn på låven med: Kom kyra. Kom kyra. Stykket vart synt for fullsett låve fredag, laurdag og søndag.

Juni Dahr og Gard B. Eidsvold gav publikum ei sjeldan stor teateroppleving med tre oppsetjingar av Markens Grøde på låven på Børsheim med helga.

Som Inger og Isak på Sellanrå frå Knut Hamsun sin roman Markens Grøde, fekk dei to skodespelarane nær kontakt med publikum i låven til Johan Børsheim og Toril Lunde Børsheim i Ulvik. Folket sat på tribunar laga av høy på langsiden av låven, tett innpå skodespelarane på låvegolv. Slik vart det ein skikkeleg intim og god stemning. Oppsetjinga på Børsheim gav også skodespelarane ei oppleving dei set pris på.

– Det er heilt fantastisk at Johan og Toril tek denne sjansen. Det er opplevingar som dette som gjer det verd å spela teater. Me har fått oppleva mykje glede her i Ulvik, seier Juni Dahr til «Hordaland» etter den tredje forestillinga søndag.

PUBLIKUM STÅR I hø utanfor låven på Børsheim. Klangen av kubjeller kjem innanfrå. Låvedora går opp. Ut kjem Juni Dahr i rolla som Inger.

– Kom kyra. Kom kyra, lokkar ho publikum inn i teaterlåven medan ho ringjer bjølla.

På Sellanrå gard ryddar Isak litt tigg land og byggjer sin gard. Hit hentar han Inger. Ho er kvinna med hareskår, som ingen vil ha. Levande og med ein viss humor let skodespelarane publikum ta del i livet til Inger og Isak – som jobbar og slit, men som tidvis opplever lukka. Isak slit ustanselig. Han byggjer nytt. Han utvidar. Han skaffar seg buskap.

Paret får to velskapt born. Men då Inger får sitt tredje born, ei jente med hareskår, drep ho det nyfødde barnet. Dette gjer ho for å skånna barnet frå forakt. Bygdefolket oppdagar at Inger har drepe barnet, og ho vert dømd til åtte år i fengsel.

Alle desse åra held Isak det gåande på garden. Inger fodar nok eit barn i fengsel. Ho får operert vekke hareskåret, lærer å sy på maskin og får ein smak av bylivet, noko som skapar konflikt når ho kjem attende til øydemarka.



BARNEDRAP: Inger drep sitt nyfødde barn.

ROMANEN MARKENS GRØDE er meir alvorstung enn det teaterstykket har vorte. Stykket er rett og slett morosamt. Skodespelarane leverer levande spel med enkle sceniske middel. På låvegolv på Børsheim er det pallar, treplankar og hoy som vert nytta når Isak og Inger byggjer sin heim. Etter kvart som Isak byggjer ut vert det bygt langbord av pallar og plank på låven. Isak og Inger arbeider under heile forestillinga. Isak byggjer garden og slit seg nesten heilt ut. Inger lagar mat, foder born og syr.

I stykket dukkar det opp nokre andre personar, som lensmannen og slektningar av Inger. Juni Dahr og Gard B. Eidsvold tek seg også av desse birollene.

Med enkle effektar får skodespelarane fram handlingane både truverdig og med humor. Dyra i stykket vert symboliserte av kubjeller og andre karakteristiske gjenstandar som heng på ei snor. Borna vert symboliserte av harnestovlar. Skodespelarane let også det verbale skildra handlinga. Som når Inger angrip slektningen Oline, og Juni Dahr slår i lufta og ropar:

– Slag, slag...blod, blod.

SKODESPELARANE GÅR FRÅ til annan ut av rollene sine og kommenterer rollefigurane. Det gjer det



SVEITT: Gard B. Eidsvold gav alt som Isak. Her mottek han og Juni Dahr applaus frå Johan Børsheim (t.h.) og publikum.

på ein truverdig måte og slik får publikum med seg meir av handlinga i Hamsun sin roman.

Juni Dahr og Gard B. Eidsvold leverte ein imponerende innsats på låven. Sveitten rann av dei begge.

DET ER YNGVE Sundvor som har dramatisert Markens Grøde og som har regien. Musikken til teaterstykket er komponert av Lars Hornvedt og Tore Brunborg. Forestillinga vart til i samarbeid med Festspillene i Nord-Noreg i 2005, og skodespelarane er no ute på Låvetour 2006-2009.

– Me spelar Markens Grøde berre på låvar. Eit slikt stykke skal ikkje

inn i fine kulturhus, men ut der folk er, seier Juni Dahr.

Johan og Toril Børsheim takka med vemed dei to skodespelarane for opplevinga dei har gjeve under dei tre forestillingane.

– Det er utruleg hyggjeleg at dette skulle gå i ein låve som er i full drift. Det er ikkje lenge sidan eg vilo trudd at dette ikkje var mogeleg, seier Johan Børsheim. No skal det ryddast og oppsummerast for ein på Børsheim tek stilling til kva som skal skje neste år.

©RIAN BRATTETVEIT | tekst og foto
obr@avis-hordaland.no

Torkjell imponerte med hallingkast

BØRSHEIM: Med sprek dans fekk Torkjell Lunde Børsheim publikum i ekstase på Kvemmadokkje.

Syskenbrøra Torkjell Lunde Børsheim, Anlaug og Eli Børsheim varta opp med rudd, springar, bånusl og kjærleiksrev under husmannsstovetrefret på Kvemmadokkje i helga. Det kulturelle innslaget til ungdommane tok publikum med storm, og skodespelarane Juni Dahr og Gard B. Eidsvold lot seg heilt tydeleg imponera både av musikken til jentene, og ikkje minst av dansen til Torkjell. Høgdepunktet var nok då han tok sat-

sa og sparka hatten av stokken, som Eli heldt høgt.

– Bravo. Heilt utruleg, utbraut Juni Dahr.

Dette er andre året familien Børsheim arrangerer husmannsstovetreff på plassen dei brukte sju år på å restaurera. Her fortalte Børsheim dei mange frammette om historia til Kvemmadokkje spelelt og husmannsordninga generelt.

– Det var nok ikkje mykje tid til kulturaktivitetar for dei som budde her. Det gjekk i å arbeida. I å skaffa mat og fôdnad til folk og dyr. Det er til ettertanke for oss i dag, seier Johan Børs-

heim. Dei frammette stilte seg i lang kø for å få ein smak av tradisjonell husmannskost. På menyen stod vassgraut, silde og potet og krotakaker. Mange av dei frammette fekk ein smak av barnedomen.

Johannes Arnesson Ålvik frå Kvam festa plassert i 1823. Sidan budde det folk på garden fram til Gurid Børsheim flytta frå Kvemmadokkje i 1967.

Anders K. Oppheim og Brynhild Upheim Hausnes er barneborn av sysken til Gurid. Dei gler seg stort over at husmannsplassen er sett i stand og minnar over minne frå besøk på garden.

– Gurid hadde pinnar og småved over alt i stova. Ho har nok frose mykje her på garden, fortel dei.

– Ho var veldig låta. Då ho måtte flytta her i frå, flytta ho heim til oss. Då var eg ti år, og eg var større enn henne, hugsar Anders K. Oppheim.

©RIAN BRATTETVEIT | tekst og foto
obr@avis-hordaland.no



FULL GUFFE: Torkjell Lunde Børsheim gav publikum ei skikkeleg oppvisning i sprek dans. Her sparkar han hatten av stokken, som Eli Børsheim held høgt.

